

## **Wattn er finalist i den internasjonale kåringa CHARGE Energy Awards**

Wattn har kome heilt til finalen i CHARGE Energy Awards 2024 i kategorien «The World's Best Green Brand». Dette er ei internasjonal kåring av dei beste merkevarane og fagfolka på tvers av den globale energimarknaden.

Denne prisen anerkjenner selskap som har gjort store framsteg innan berekraftsmåla sine, og har gjennomført initiativ som bidreg inn til den store energiomstillinga.

Finalistane kan ha utvikla nye system, produkt eller løysingar som hjelper kundar til å ha eit meir berekraftig forbruk, eller samarbeider med andre for å levere berekraftige prosjekt av internasjonal betydning.

Vi ønsker at kundane våre skal vere meir energieffektive enn gjennomsnittskunden på marknaden. Vi bruker jo straum til det meste i kvardagen, men framover er det behov for mykje meir straum. Derfor må vi sløse mindre og det må produserast meir fornybar energi. Vi trur at alle har høve til å justere litt på forbruket sitt utan at det går på kostnad av drift eller komfort. Alle kan ikkje gjere alt, men alle kan gjere noko, seier Elin Hessen, leiar for berekraft i Wattn.

### **Smart energiforbruk som ein del av arbeidskvardagen**

Wattn jobbar heile tida med å utvikle sine produkt og tenester for at kundane skal ha god innsikt i eige straumforbruk, slik at dei enklare kan gjere justeringar i forbruksmønsteret sitt. Her er Wattn-appen eit viktig verktøy. Det same gjeld for bedriftskundane som får oversikt og kontroll gjennom Bedriftsportalen.

Ein ting vi ønsker å vektlegge er kor viktig det er å jobbe med energileiing. Vi har miljøprogrammet EnergiArena der bedrifter frå alle sektorar deltek, og som til saman har eit årleg forbruk på 1,2 TWh. Med god energileiing åleine har dei potensiale til å redusere straumforbruket med 145 GWh, noko som svarer til eit årleg forbruk for ca. 8700 hushald, seier Elin.

### **Ein av fire finalistar**

Wattn er ein av fire finalistar i denne kategorien, og kåringa finn stad i Lisboa 14. oktober.

Det er klart at det motiverer at bransjen meiner vi er på rett veg, og vi kan ikkje gjere anna enn å sende skryten vidare til kundane våre som tek i bruk verktøya, tilpassar og justerer forbruket sitt. Saman kan vi utgjere ein forskjell, avsluttar Elin.

## **Om Wattn**

Vi tilbyr framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ønsker vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnader og forbruk. Wattn har 42 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad.

### **Kontaktinformasjon:**

Elin Hessen, leiar berekraft

Telefon: 982 16 270

E-post: [elin.hessen@wattn.no](mailto:elin.hessen@wattn.no)